

Utvalde kulturlandskap og verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøyfjordområdet (Nærøyfjorden)

Utvalde kulturlandskap og
verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøyfjordområdet (Nærøyfjorden)



Markdag med buss til
Moldebakkane—Råshagen—Husum

3. JUNI Lærdal kl 11-18:30
Utvalgt kulturlandskap

DAG
Rådhuset
Oppmøte for busstur

Påmelding:



Landskap i endring
gjennom bilete og folketonar

3. JUNI Lærdal KL 19:30-22
Utvalgt kulturlandskap

KVELD
Kulturhuset

Foredrag om verdien og gleden av fotografi frå kulturlandskap, døme frå Lærdal, med O. Puschmann
Konsert med Liv Ulvik, Tom Karlsrud og Silje Hegg, folkemusikarar med røter i Lærdal. Gratis, for alle

PROGRAM

3. juni – Praktisk skjøtselsarbeid i kulturlandskapet

Ein ettermiddag og kveld som er tilrettelagt for deg som driv eit kulturlandskap i praksis og kva for teknologi som kan gjere skjøtselsarbeidet enklare og meir interessant.

Busstur med tre ulike stopp mellom Lærdalsøyri og Borgund stavkyrkje. Vertskap på bussen; Leiar av ÅLA-landbrukskontor Magnhild Aspevik, Inga Lindstrøm, Vestland fylkeskommune.

11.00 – oppmøte ved Lærdal rådhus. Utdeling av nistepakke og drikke.

11:30 – avreise med buss

11:45 - MOLDEBAKKANE

- Ivar Molde fortel om praktisk skjøtselsarbeid på Moldebakkane
- Slåttetidspunkt og biologisk mangfald - praktisk bruk av app'ar for artsbestemming v/Johannes Aanonby , Statsforvaltaren i Vestland
- Utstyrsdemo av slåtteutstyr frå [Lauvrud Maskin](#) - for små og bratte slåtteteigar

14.30 – RÅSHAGEN

- Petter Raa fortel om praktisk skjøtselsarbeid i Råshagen
- Tradisjonell gjerding og Nofence – kva er best kor ? Marta Karoline Jansen, Lærdal, delar erfaringar

16:30 – Husum

[Husum hotell](#) - middag

Inga Lindstrøm fortel om kulturminnearbeid i UKL-Lærdal på bussen tilbake.

18:00 - avreise Husum, innsjekk Lærdal Hotell/Lindstrøm hotell

19:30-21:30 Lærdal kulturhus

- **Velkomen** – Bjørn-Harald Haugsvær, Ass. Landbruksdirektør, Statsforvaltaren i Vestland

- **Oskar Puschmann – Om verdien og gleden av fotografi frå kulturlandskap** gjennom historia, med biletserie frå UKL Lærdal.

20:45 Tonar frå landskap. Konsert med dei lokale folkemusikarane [Liv Ulvik](#) (song), [Tom Karlsrud](#) (trekkspel), [Silje Hegg](#) (seljefløyte, song). Dei er alle profesjonelle folkemusikarar og spelar solokonsertar eller opptrer i samspel i ulike band og forestillingar. Me gler oss til denne finstemte konserten.

Overnatting Lærdal hotel eller Lindstrøm hotel

4. juni – Besøksforvaltning og nettverksbygging

Eit godt nettverk mellom dei ulike kommunane og deira forvaltningspraksis av dei utvalde kulturlandskapa samt verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområde (i Nærøyfjorden) er temaet denne formiddagen. Programmet er tilrettelagt for kommunal forvaltning og prosjektleiarar.

08:30 – Lærdal hotell

Besøksforvaltning og kommunikasjon:

- Praktisk besøksforvaltning i eit kulturlandskap v/Bengt Erlend Skjerdal frå Nærøyfjorden Verdsarvpark (Verdsarvparken Nærøyfjorden)
- Kommunikasjon og oppleving av Kongevegen v/ Odd Helge Brugrand

10:00

Diskusjon og deling av erfaringar mellom UKL-områdene – forvaltningspraksis og besøksforvaltning.

12:30 oppsummering og avslutning

13:00-14:00 Lunsj



Med atterhald om endringar i programmet

Deltakarane må dekke reiseutgiftene sjølve – program, overnatting og mat blir betalt av arrangørane.

Arrangør: Statsforvaltaren i Vestland i nært samarbeid med Felles landbrukskontor ÅLA (Årdal, Lærdal og Aurland kommune), Verdsarvparken Nærøyfjorden, Verneområdeforvaltninga i Nærøyfjorden